

Eikefjord sokneråd  
Postboks 504  
6903 FLORØ

dok 297  
Kultur- og kirkedep.  
Saknr. 2008-00738 3908  
Kode Ki-501 Beh.

Kultur- og kirkedepartementet,  
Kirkeavdelingen  
Postboks 8030 Dep  
0030 OSLO

### Fråsegn vedrørande innstillinga "Styrket demokrati i Den norske kirke".

- Soknerådet i Eikefjord ynskjer at valordninga skal vere som i dag, men vil at valreglane må endrast for å auke valdeltakinga og interessa for å stille til val.
- Soknerådet i Eikefjord ynskjer at val til bispedømmeråd og kyrkjemøte framleis skal vere indirekte val. Soknet er grunncella i kyrkja vår og vi ynskjer å oppretthalde den tilknytninga som er mellom sokneråd, bispedømmeråd og kyrkjemøte som vi har i dag. Vi fryktar at ein endring til direkte val fører til at berre "kyrkjekjendisar" vert valgt og at det dermed vert vanskelegare for kyrkjefolk i Sogn og Fjordane å verte valgt.
- Soknerådet i Eikefjord er oppteken av å auke valdeltakinga i kyrkja. Vi ynskjer oss felles valdag med kommune- og fylkestingsvalget. Stemmelokale for dei kyrkjelege vala må vere i tilknytning til dei politiske vallokalra. Ein føremoen med å ha valet samstundes med kommuneval er at ein då kan få fokus på kyrkjesaker i samband med lokalval og soknerådsval.
- Når det gjeld spørsmål om valkort, informasjon om valordning og presentasjon av kandidatar er soknerådet i Eikefjord oppteken av at vi ikkje byggjer opp meir byråkrati enn naudsynt. Det kostar å informere og det må følgje pengar med dersom ein skal lukkast med demokratiet i kyrkja. Vi er skeptisk til felles nasjonal informasjon og tenkjer det er betre om ein lokalt får midlar, gode eksempel og kursing til å gjere denne jobben. Valet er jo også eit godt høve til å finne ut om dei lokale medlemsregistra er rette.
- Soknerådet i Eikefjord ynskjer å setje stemmerettsalderen til 15 år. Det er mange som flyttar frå bygda når dei byrjar på videregåande skule og vi meiner det er viktig å lære at dei er ein del av kyrkja innan dei flyttar frå bygda. Opplæring om kyrkjeleg demokrati bør ein få inn i konfirmasjonsundervisninga
- Vi ynskjer å ha ein kompensasjonsordning for kyrkjelege verv på lokalt, regionalt og nasjonalt niva. Denne må vere på lik line med dei politiske verv.

Denne fråsegna vart einstemmig vedteke på møte i soknerådet 27/8 - 2008-09-02

  
Referent, soknepres Knut Magne Nesse  
Florø 2/9 - 2008